



Nr 4 - 2022

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen



Week-end
Vaulali
side 4 - 7

Ein dag i
Sjømanns-
kyrkja
side 12 - 13

Trus-
opplæring
2023
side 14 - 15

Jule-
evangeliet
side 18 - 19

Min sang

Denne lille sangen som handler om julens budskap, husker jeg bestevenninnen min og jeg sang sammen på diverse juleavslutninger da vi var sånn 8-10 år gamle! Hun var pappan og jeg den lille gutten, og vi sang vekselvis mens hun spilte tre grep på gitar. Teksten er enkel, men kaller fram mange fine minner fra en god og trygg barndom og den lyder sånn:

*Pappa jeg er trett av leken, la meg sette meg hos deg.
Vil du finne fram vår bibel, og lese litt for meg?
Jeg vil gjerne at du leser om det lille Jesu barn,
som på julekvelden fødtes i en stall langt her ifra.*

*Jeg vil gjerne deg fortelle hvordan Josef strevde frem,
mens Maria satt på eselet på vei til Betlehem.
Alle herberger var opptatt, ingen steder var der rom.
Da alt håp var nesten ute, fikk de stallen som sto tom.*

*Josef gjorde istand krybben og la i litt halm og strå,
og da Jesusbarnet fødtes, så la de ham derpå!
Siden kom det noen hyrder og de ville Jesus se.
De fortalte mye pent de hadde hørt av englene!*

*Pappa om jeg hadde levet på den tid da Jesus kom,
ja da skulle jeg ha sørget for at krybben fikk stå tom.
Jesus skulle fått den sengen som på gjesterommet står
og den gode, varme dynen som vi fikk til senga vår!*

*Ja mitt kjære lille barn, jeg er så glad du har det så,
at det beste som vi eier, er Jesus verd å få!
La ham få ditt lille hjerte, han vil gjerne hos deg bo,
Han vil lede deg til himlen, der er skjønt kan du tro!*

Bente Sikveland

møte:plassen

4 - 2022

17. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidedfoto: iStock Photo
Illustrasjonsfoto: Pixabay.com og
iStock Photo



Adventstankar

Både kalenderen og gradestokken varslar at me går mot advent og joletider. Me har vore gjennom alt frå varme, flotte haustdagar til hauststormar og flotte stjernehimlar! Tida for å finna fram kjeledressen, vinterklede og tjukke skjerf, og etter kvart må det pyntast til høgtid i hus, leilegheiter og gardar. Adventstida er ei forventningsfull tid for barna, eit høgdepunkt dei gler seg mykje til med ønskelister og adventskalender. For andre er joletida den stunda på året då einsemda bankar hardest på døra, og inviterer seg inn som einaste gjest. Ei sår og vond tid som ein ynskjer berre må gå over raskast mogleg. Året går mot slutten, nye sambygdingar er komne til, medan andre nære og kjære har gått til si siste kvile. Kva året har romma for deg, veit du godt sjølv, og du skal vita at Gud òg veit det, og gler seg og sørgjer i lag med deg.

Denne hausten har vore krevjande for fleire. Me les om at matkøane der det deles ut gratis mat blir stadig lengre, og at fleire menneske slit med å få endane til å møtast. Høge straumprisar og inflasjon spreier uro blant folk og bedrifter. Kva kjem framtida til å bringa? Korleis ser verda ut om eit år? Samstundes er det igjen ein større krig på kontinentet vårt. Ukrainske flyktningar feirar jol for første gong i eit nytt land, medan tankane og bønene deira går til slekt og vener i

heimlandet. Russiske menn flyktar frå heimlandet sitt for å unngå å bli kasta inn i ein meningslaus krig mot grannane sine.

I Jesaja 2,4 står det skrive om ein som skal snu lagnaden for menneska. Her talar Jesaja om at det skal koma ein som skal gjera det vonde godt: «Han skal dømme mellom folkeslag og skifta rett for mange folk. Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig.» I jolehøgtida feirar me det store mysteriet at Gud blei ein av oss. Det vesle barnet i krybba var som oss, men samstundes så mykje meir.

I krybba ligg Guds løfte i Kristus. På ny vel Gud oss alle i Jesus. Dette lille barnet, både Gud og menneske, voks opp og døyde for å frelsa oss alle. I Markusevangeliet 16,16 stadfester Gud dette løftet: Den som trur og blir døypt, skal bli frelst. Men den som ikkje trur, skal bli fordømd. Så kan jolehøgtida bli ei rik trøyst for oss alle. Så skal me få lov til å tru at Gud vil skapa fred og skapa noko nytt, at Gud ein dag vil smi om våpena til plogar. Du skal du få tru at Guds løfte gjeld for deg. Så vil eg ynska deg og dine ei riktig god og velsigna jolehøgtid.

Tage Emil Good

WEEKEND PÅ VAULALI

16. til 18. september var 42 deltakarar på weekend

Tekst: Siv H. Undheim

Foto: Siv H. Undheim og Frode Skårland



Det var ei veldig gild helg med mange kjekke aktivitetar og gode samtalar, og ekstra gildt at det var med folk i ulike aldersgrupper, frå barn i barnehagealder til besteforeldre.

Vaulali er ein leirplass som ligg idyllisk til ved Østerhusvatnet på Tau. Her fekk me god mat og store rom, alle med eige bad.

Det flotte uteområdet på Vaulali innbydde til lek og aktivitetar. Me var heldige med veret, og det var både fotballspeling, natursti, kanopadling og leiking på leikeplassen. For dei ekstra tøffe blei det også bading.

Me kunne kose oss med innandørs aktivitetar som leiking med duplo, teikning og perling, i tillegg til

bordtennis og litt diverse brettspel.

Dagleg leiar Frode hadde laga eit flott opplegg til møta, med blant anna ulike lagkonkurransar. Her kom konkurranseinstinktet fram hos både den eine og den andre. Jentene gjekk til slutt av med sigaren med 5-4 mot gutane.

På sundagen kom presten vår, Roald Byberg, og hadde gudsteneste med oss.

Tusen takk til alle som var med og gjorde helga så gild.

PS: Soknerådet arbeidar for å få til weekend hausten 2023, så det er berre å gle seg.







G2 Glød

Tekst Siv H. Undheim

Soknerådet har spurt Per Børge Hillestad om han kan vere med og lage eit opplegg for unge vaksne (og oppover) i kyrkja. Det sa Per Børge som mange veit, ja til. Opplegget blir kalla G2 Glød, og består i fyrste omgang av to sundagskveldar i haust.



Per Børge og ein komité beståande av Per Arne Undheim og Oddvar Undheim, gjekk tidleg i haust i gang og planla kveldane.

Tema: Håp

Første kvelden var søndag 23. oktober.

Tema for møtet var håp.

Det blei ein fengslende kveld. Ein kveld fylt av forventning, glede og latter, men også tårer.

Etter at Roald Rasmussen hadde ønska velkommen, og Signe Tunheim hadde hatt ei fin opning, så var det Per Børge sin tur.

Han snakka om at vi ikkje kan leve utan håp.

– Når eit menneske har håp, så kan det tole dei utrulegaste situasjonar. Har vi ikkje håp, så går vi til grunne, sa Per Børge.

– Livet består av både gode og vonde dagar. I blant kan livet vere veldig tøft, og vi må lære å skilje mellom falske håp og ekte håp. Vi må leite etter ekte håp som gjer det mogleg å leve livet slik det er. Både dei gode og dei vonde dagane, uttala Per Børge.

– Klarer vi å sjå eit håp der framme, så endrar det livet vårt no, fortsette han.

Håpet er det vi set vår lit til

Per Børge siterte Desmond Tutu: «Håpet er det vi set vår lit til. Eg kan ikkje forstå korleis nokon kan leve utan håp om ein god Gud og ein himmel der framme. Det er jo det som er svaret på denne verdas problem».

Vidare snakka Per Børge om viktigheita av fellesskapet, samhald og nye relasjonar. Han hadde eit håp om at alle skal

kjenne seg velkomne i kyrkja. Og at kyrkja vil lyfte opp eit håp som ikkje dør, nemleg Jesus.

I samtale med Martine Tjåland snakka Per Børge og Martine om at vi kan be om at Gud leiar oss på vegen. Håp dreier seg om at Gud har oversikt og kontroll, og veit kva som er det beste for oss. – Sjølv om ein møter motgang, så har ein håp, sa Martine. – For ein har Gud med seg på laget.

Per Arne Undheim avslutta kvelden og snakka om at han har eit håp om at Undheim skal vere ein god stad å bu, og ein god stad å vekse opp for barna våre.

Etter møtet var det anledning til å vere igjen i kyrkja. Det blei servert kake og kaffi i foajeen, og det blei mange gode samtalar der.

Det var også mogleg å tenne lys i lysgloben. Lys for håpet.

Stemningsfylt

Det var mange som hadde funne vegen til kyrkja denne kvelden i oktober. Vi som var der fekk oppleve ein kveld med ei spesiell stemning i kyrkja. Den var prega av ro og fred, og kyrkjerommet var fylt av kjærleik. Det var sterkt og rørende.

Per Børge brukte dette bibelverset i talen.

«Lat oss halda urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden, er trufast. Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.» – Hebr. 10,23-24.

Mange takk til gode og engasjerte Per Børge, til komitéen og alle som bidrog til denne kvelden. Mange takk til alle som kom. Vi håpar det blir fleire kveldar i kyrkja framover med spanande tema på programmet.

Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

A poster for the church election of 2023. The left side has an orange background with the text 'Kyrkjevalet 2023' in the top left, 'vil du ha eit godt råd?' in the center, and 'Still til soknerådsval. Kyrkjevalet.no' below it. The bottom left features the logo of 'DEN NORSKE KYRKJA'. The right side shows a photo of a man with a beard and glasses, with a red bar obscuring his face, and a woman's face visible below him.

Kyrkjevalet
2023

**vil du ha eit
godt råd?**

Still til soknerådsval. Kyrkjevalet.no

DEN NORSKE KYRKJA

NYTT SOKNERÅD SKAL VELJAST I 2023!

Soknerådet er viktig! Det har mykje å seia for korleis kyrkja skal drivast. Du som har tankar om dette bør vurderer om du skal stilla til val. Ta kontakt med ein av dei som sit i soknerådet i dag, om du kan tenka deg å vera med i det arbeidet. Viss du veit om nokon som er aktuelle, kan du oppmoda dei om å stilla til val. Soknerådet har i utgangspunktet omtrent 7 møter i året. Dei som blir valde inn, sit i rådet i fire år.

Her kan du lesa meir om sokneråd:
www.kirken.no/valg/

KLE DEG GODT!

Innetemperaturen i kyrkja vil vera senka denne vintersesongen på grunn av dei høge strømprisane. Temperaturen vil ligga på ca 19 grader. Hugs å kle deg.

PREST PÅ UNDHEIM

Undheim kyrkje kjem til å ha prestevikar våren 2022. Avtalen som Undheim kyrkje har saman med Bispedømmerådet om deling av finansiering av prest i 100% stilling på Undheim går ut 31. mars 2023. Frå april av, vil Undheim ha prest i 50% stilling slik me i praksis har hatt i snart to år.

GALLERIET

Etter at kyrkja hadde branntilsyn, er ikkje galleriet lengre godkjent for bruk. Viss me skal få det godkjent, må me gjera så store inngrep at me i dag ikkje ser at det vil svara seg.

LYS I KYRKJA

Nå har det kome nye lys i kyrkja! Me har slitt med at det har vore for lite lys, men nå har det blitt mykje betre!

Utfordring til foreldre/foresatte til ungdommar som går på Ukuf, eller andre vaksne som har lyst å bety ein forskjell for ungdommar på Undheim

Ungdomsarbeidaren vår, Mona Handeland, ønskjer seg vaksne med på laget. Ho skriv:

Jeg har en forespørsel til dere foreldre/foresatte. Kunne dere tenkt dere å enten

1) være til stede på en UKUF-samling i semesteret eller

2) være på en bakvaktliste

(Det betyr at en ikke trenger være til stede fysisk, men er tilgjengelig og kan komme bort dersom det skulle være noe)?

Det er ikke forventet at en skal ta tak i alvorlige hendelser, da ringer jeg selvfølgelig politiet. Jeg trenger enkelt og greit bare noen som ser til at ungdommene har det bra og ting går greit føre seg. Hvis en ønsker å hjelpe til på kjøkken eller lignende er det også lov, men ikke noe en må. Jeg er den eneste som er der fast og så varierer det

hvem jeg får med meg frivillig. Det hadde vært kjempeflott og hatt med seg en voksen med litt mer livserfaring.

Dersom dette er noe du eller dere kunne bidratt med, så ønsker jeg at du tar kontakt på tlf/sms til Mona 401 00 946 eller mail, mona.handeland@timekyrkja.no

Her er datoane til vårsemesteret:

7. januar

21. januar

4. februar

18. februar

29. april

13. mai

10. juni



En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

 **Blå Kors**

2023

faste aktiviteter for born og vaksne

BLI MED PÅ SUPERMIX!

Barnekor og hobbyaktivitetar.

Annankvar tysdag i kyrkja kl. 17.00 til 18.00.

For alle som er frå 4 år og oppover.

17. januar

14. februar

28. februar

14. mars

28. mars

11. april

25. april

09. mai



OPEN KJELLAR

Klubb for gitar og jenter med aktivitetar,

andakt, spel og kiosk. 5.- 7. klasse

Fredagar i kyrkjekjellaren

Kl 19.00 – 21.00

13. januar

10. februar

10. mars

14. april

12. mai

2. juni

GUTELAGET UGLA

Datoar og innhald våren 2023

10. januar

Landhockey i gymsalen. Hugs gymsko.

24. januar

Hobby i sløydsalen

07. februar

Leirkveld med pølser og saft i mat- og helserommet.

21. februar

Hobby i sløydsalen

07. mars

Besøk til bygdamuseet på samfunnshuset.

21. mars

Basar i kjellaren i kyrkja

11. april

Tur. Meir informasjon kjem seinare.

Tilbake til skulen ca 20.15-20.30.



SØNDAGSSKULEN

I kyrkjekjellaren kl. 11:00

8. januar

21. januar

5. februar

5. mars

2. april

16. april

30. april

LAUST OG FAST

I kyrkjekjellaren

onsdag kl. 14.00

18. januar

15. februar

15. mars

19. mars

HANDARBEIDSTREFF

Måndagar kl. 19:30

23. januar i kyrkjekjellaren

20. februar i samfunnshuset

20. mars i kyrkjekjellaren

24. april i samfunnshuset

22. mai i kyrkjekjellaren

13. juni avslutning i samfunnshuset

Ein dag i Sjømannskyrkja



Tordis og Steinar Sandvik er klare til innsats i Sjømannskyrkja i Alanya, Tyrkia. (Privat foto)

Tekst: Steinar Sandvik

Kvar onsdag er det APO (Alltid På Onsdag). Det kan vere ulike program som sangkveld, føredrag om pilegrimsturar, eller andre slags tema. Ofte er det også utlodding til inntekt for sjømannskyrkja. Då kjem det mellom 40 og 50, eller endå fleire avhengig av innhaldet. Songkveldane er populære med godt over 100 gjester, då er det fullt hus i sjømannskyrkja og der allsongen overdøyver trafikken utanfor kyrkjetrappa.

ALLE VELKOMNE

Andre onsdagar er det ikkje så mange gjester, men det er fellesskap og godt drøs. Mange av gjestene er trufaste gjester som kjem att dag etter dag, men stadig er det nye ansikt som dukkar opp. Og alle vert tekne imot med opne armar og eit godt handtrykk.

FELLESSKAP

Men for oss i staben byrjar dagen lenge før APO-

en. Kaffitraktaren putrar godt i god tid før alle var på plass til den daglege morgonsamlinga klokka 9. Arbeidsoppgåver vart delte, og ikkje minst møter vi den nye arbeidsdagen med Bibel og bønn, både ein rikdom og fellesskap saman med medarbeiderane.

FASTE OPPGÅVER

Kvar dag er det praktiske oppgåver som vask, både ute og inne, reingjering av toalett, kjøkken, møtesal kombinert med kafe-lokale. Og ikkje minst er det viktig med vask av vindaga. Med ei støyande gate utanfor er det det mykje støv.

Ny vaffeløre vart laga og planlegginga av mat til dei andre samlingane for heile den komande veka som kyrkjekaffi og ikkje minst laurdagens faste sal av risengraut trekte mange gjester.

GUDSTENESTE

Søndag er det alltid gudsteneste klokka 18, leia av prest Carina Møller. Frammøtet er godt, og det er eit tydeleg behov for dei vekentlege gudstenestene.

Og søndagskvelden vert alltid avslutta med kyrkjekaffi og ikkje minst tid for både samtale og drøs.



Det er viktig at området rundt sjømannskyrkje er fint. Steinar soper reint denne dagen. (Foto: Tordis Sandvik)

ET OPEN DØR

Tilbake til onsdagen. Då opnar vi dørene klokka 11. Og då er det ofte gjester som alt står på trappa. Mange kjøper både kaffi og vaflar, men den gode drøsen er også ein viktig del av kvardagen i sjømannskyrkja.

Dørene stenger klokka 15. Då er det ein liten pause for staben med litt mat før det vert gjort klar til kveldens APO.

Programmet startar klokka 18.00, men dørene er opne i god tid, gjerne ein time før. Då er ofte vaffeljernet varmt og kaffien klar.

På dei fleste APO vert borda dekkja med kvite dukar, og i pausen er dei igjen servering og ikkje minst utlodding. Kvelden vert runda av med ein tankestrek og velsigning.

LANGE DAGAR

Så er det rydding, noko som går både fort og effektivt der mange tek eit tak for å rydde og setje på plass stolar og bord til neste dag. Når klokka passerer 21 er vi ofte klare til å rusle «heim».

Ein dag er over i Sjømannskyrkja etter 12 timar og ein rik arbeidsdag i møte med nye menneske og kjende.

MANGE FRIVILLIGE

Utan dei frivillige hadde vi aldri makta det allsidige programmet. Det kan vere oppgåver i gudstjenesta, ulike oppgåver på laurdagane då det gjerne er godt over 50 som skal kjøpe risengraut og etterpå kaffi og nysteikte vaflar. Då er det alle mann på dekk som det heilter i sjømannspråket.

Det meste av basararbeidet står frivillige kvinner

for. Vaktmeistergruppa gjer sitt beste for å halde både lokale og hage i god stand.

Vi som er vinterassistentar er også frivillige, men er utsende frå Sjømannskyrkja, utan lønn, men med fritt opphald og reise.

For oss er det eit rikt og meningsfullt arbeid. Vi ser at det er bruk for oss, men vi opplever tenesta som både rik og meningsfull både for dei vi møter, men like mykje for oss sjølve.



Dei store vindaugsflatene i Sjømannskyrkja må vere reine. Det sørger Tordis for. (Foto: Steinar Sandvik)



Frå vestre. Solvor og Pål Undheim ferierer i Alanya saman med Målfrid Ueland. Dei tek gjerne turen innom sjømannskyrkja. (Foto: Steinar Sandvik)

Trusopplæring

Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær.

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annakvar onsdag. Etterpå et me lunsj i saman.

Datoar våren 2023:

18. januar, 1. februar, 15. februar, 15. mars, 29. mars, 12. april, 26. april, 10. mai, 24. mai

Påmelding kjem i invitasjon, på kyrkja si nettside og på: Instagram: trusopplaeringa og <https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>



Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Småbarnstrall 1-3 år

Me har starta opp med eit nytt song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtast me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3

åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Påmelding kjem i invitasjon, på Time-kyrkja si nettside og på: Instagram: trusopplaeringa og <https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>



Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Følg oss gjerne på:



https://www.facebook.com/trusopp_laringbrynetimeundheim

Instagram – trusopplaeringa_time



Tårnagenthelg 3. og 4. klasse

Alle 3. og 4. klassingar på Undheim er velkomne til Tårnagenthelg 18. og 19. februar.

Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande! God mat må òg til for gode agentar.

Alle agentane får boka «Skattar frå bibelen» og eit siste oppdrag med seg heim.

Påmelding kjem i invitasjon, på Timekyrkja si nettside og på:

Instagram: trusopplaeringa og

<https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>



 Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Døpte i Undheimkyrkja

30. oktober



Silje Topdal



Hermine Mikkelsen



Sigve Undheim

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30

11. desember kl. 14.00 Vi syng jula inn
24. desember kl. 14.30 Julegudsteneste
26. desember kl. 10.30 Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd.

2023

8. januar kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd
22. januar kl. 10.30 Gudsteneste. Dåp

5. februar kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
19. februar kl. 10.30 Gudsteneste for store og små. Dåp. Tårnagentar.

5. mars kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
19. mars kl. 10.30 Gudsteneste for store og små. Dåp. Dåpsskulen.

2. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
6. april kl. 19.00 Gudsteneste. Skjærtorsdag. Nattverd.
9. april kl. 10.30 Høgtidsgudsteneste 1. påskedag. Dåp.
16. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
30. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.

14. mai kl. 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste.
17. mai kl. 11.00 Gudsteneste 17. mai.

29. mai kl. 10.30 Gudsteneste 2. pinsedag.
11. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
25. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Dåp.

30. juli kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd og dåp.

Kirkens SOS trenger ^{flere} frivillige!



Innføringskurs starter i februar og september
Mer info på FB og kirkens-sos.no/rogaland

*"Kirkens SOS er for meg et roust rom, åpent for alle – alltid.
En møteplass hvor livets realiteter tåles og tas imot
uten krav til en rett tro eller et riktig levende liv."*

 **KIRKENS SOS**
ROGALAND

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Mona Handeland	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

BARNAS

Finne 10 namn og ord frå juleevangeliet

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

Finne fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



JULEEVANGELIET LUKAS 2:1-20

JESUS BLIR FØDD

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:



«Ære vere Gud
i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske
Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til
himmelen, sa gjetarane til
kvarandre: «Lat oss gå inn til
Betlehem og sjå dette som har
hendt, det som Herren har
kunngjort for oss.» Så skunda dei
seg dit og fann Maria og Josef og
det vesle barnet som låg i krubba.
Då dei fekk sjå det, fortalde dei
alt som hadde vorte sagt dei om
dette barnet. Alle som hørde
på, undra seg over det gjetarane
fortalde. Men Maria gøymde alt
dette i hjartet sitt og grunda på
det. Og gjetarane vende attende.
Dei lova og prisa Gud for alt dei
hadde høyrte og sett; alt var slik
som det var sagt dei.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim		UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
		Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 Byggmester Ståle N. Sikveland
	Høiland & Tveit BetongEntreprenør	SpareBank 1 SR-BANK
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10 	Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS